

# Forskrift om kommunal straumstøtteordning og enøktiltak, Sveio kommune, Vestland

*Heimel: Fastsett av Sveio kommunestyre 12.12.2022 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 5-3, andre avsnitt.*

*Endra ved lokal forskrift 17.04.2023*

## § 1 Formål

Formålet med ordningane er bidra til at Sveio kommune, trass historisk høge straumprisar, framleis har eit rikt og variert næringsliv ved å hindra at elles berekraftige verksemder i Sveio kommune får store økonomiske problem som følge av dagens straumprisar, samt å bidra til innføring av energiøkonomiserande tiltak (enøktiltak).

Formålet er ikkje å kompensera verksemder som vil greia seg bra, eller tiltak utanfor Sveio kommune. Ordningane tar heller ikkje sikte på å utsetta uunngåelege konkursar e.l. som ville inntreffa uavhengig av straumprisane.

## § 2 Verkeområde

Straumtilskot, jf. § 3, gjeld private verksemder med organisasjonsnummer registrert i Brønnøysundregistra og med registrert forretningsadresse i Sveio kommune. Verksemda må vera hovudinntektskjelda til minst éin person, og sjølv dekkja utgifter til straum.

Følgande verksemder er ikkje omfatta av ordninga:

- a) Kraftkrevjande industri.
- b) Verksemder som er omfatta av staten si støtteordning til jordbruks- og veksthusnæringa.
- c) Finansforetak og andre verksemder med investeringsverksemd som hovudformål.
- d) Produksjon, overføring og distribusjon av elektrisitet og vassforsyning.
- e) Utanriks varetransport på sjø.
- f) Olje- og gassutvinning.
- g) Verksemder utan aktivitet.
- h) Verksemder som er under konkursbehandling eller som er kravde konkursopning mot.
- i) Verksemder som har preg av hobby.

Verksemder innan butikkhandel, tenesteyting og servering vil bli prioriterte.

Tilskot til enøktiltak, jf. § 4, gjeld private verksemder med organisasjonsnummer registrert i Brønnøysundregistra og med registrert forretningsadresse i Sveio kommune, og privatpersonar folkeregistrerte i Sveio kommune. Tiltaka må vera innførte i bygningar med adresse i Sveio kommune.

## § 3 Straumtilskot

Det er sett av inntil kr 2 000 000,- til ordninga.

Ordninga er utforma som eit tilskot som blir gitt som rente- og avdragsfritt lån, og gjort om til tilskot ved innlevering av endeleg rekneskap for 2022, jf. § 5.

Støtta blir gitt for perioden f.o.m. 1. januar 2022 t.o.m. 30. september 2022. Støtta skal dekkja ein prosentvis andel av differansen mellom søkar sine utgifter til straum i tilskotsperioden samanlikna med utgifter til straum i tilsvarande periode i 2021. Straumkostnadar inkluderer ikkje nettleige.

Søknadsfrist er 21. mai 2023. Eige elektronisk søknadsskjema skal brukast.

Rådmannen blir delegert mynde til å behandla søknadane. Av differansen på straumkostnadar skal tilskotet dekkja 60 %, men den enkelte søkar kan likevel maksimalt få kr 200 000,- i støtte.

Ordninga skal kunngjerast på kommunen sine nettsider, samt i lokal presse.

#### **§ 4 Tilskot til enøktiltak**

Det er sett av inntil kr 500 000,- til ordninga.

Ordninga er utforma som eit tilskot som blir gitt ved dokumentasjon på at eitt eller fleire av følgjande tiltak er innført:

- a) Isolering av yttertak og tak mot kaldt loft.
- b) Isolering av golv mot grunn, kald kjellar e.l.
- c) Isolering av yttervegg.
- d) Skifte av vindauge og glasdører (3-lags glas eller 2-lags glas med tilsvarande god U-verdi).
- e) Utsifting av vedovn til reintbrennande vedovn eller pelletsovn.
- f) Luft til luft-varmepumpe.
- g) Luft til væske-varmepumpe.

For at isolering skal vera dekkja av tilskotsordninga må det dreia seg om isolasjonsmattar med minimum 5 cm tilleggsisolering eller blåseisolering på minimum 5 cm eller som fyller holrom.

Ordninga har tilbakeverkande kraft og gjeld tiltak innførte f.o.m. 1. januar 2022. Summen avsett til ordninga blir fordelt likt mellom alle søkarar som oppfyller vilkåra, men slik at maksimalt 25 % av kostanden for den enkelte søkar blir dekkja.

Søknadsfrist er 31. januar 2023. Eige elektronisk søknadsskjema skal brukast.

Rådmannen blir delegert mynde til å behandla søknadane.

Ordninga skal kunngjerast på kommunen sine nettsider, samt i lokal presse.

#### **§ 5 Vilkår for tildeling av straumtilskot**

Søkar må vera ei verksemd som oppfyller vilkåra etter § 2.

Søkar må dokumentera sine straumkostnadar for støtteperioden, samt tilsvarende periode i 2021, ved å leggja fakturaar ved søknaden. Førebels rekneskap pr. 30. september 2022 må òg leggast ved søknaden.

Søkar må ha hatt straumutgifter (inkludert nettleige) på minimum kr 50 000,- i perioden.

For at tildelt støtte skal gjerast om til tilskot, må søkar senda inn endeleg rekneskap for 2022 innan 30. august 2023. Dersom dette ikkje blir gjort, vil støtta bli gjort om til eit ordinært lån, med vilkår som bestemte av formannskapet.

For at lånet skal bli gjort om til tilskot må straumstøtta utgjera meir enn verksemda sitt samla overskot for 2022, eller at verksemda har eit samla underskot i 2022. Det kan gjerast unntak frå dette vilkåret dersom søkar kan dokumentera at søkar har innført straumsparende tiltak eller andre tiltak som det er sannsynleg at har bidratt til at ein har unngått eit underskot som ein elles ville hatt dersom dei aktuelle tiltaka ikkje var innførte.

All dokumentasjon frå søkar skal vera bekrefta av rekneskapsførar eller revisor.

## **§ 5 Klage**

Vedtak etter denne forskrifta er å rekna som enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2, første avsnitt, bokstav b, og kan klagast på etter forvaltningsloven sine reglar.

Kommunestyret er klageorgan for vedtak om straumtilskot. Formannskapet er klageorgan for vedtak om tilskot til enøktiltak.

## **§ 6 Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 13. desember 2022.

Forskrifta blir oppheva 13. desember 2023.